



Her er M/F "Melderskin" på veg ut frå Sandakaien ein søndag i 1975 – i ruta til Os. (Foto: Harald Sætre)

Til vanleg kryssa ferjene fjordane med folk og bilar. Men på 1950- og 1960-talet var enkelte av ferjene bygde noko meir fleksible enn i dag, med tanke på å gjera teneste i andre båtruter enn i reine ferjeruter. Det skriv båtentusiast og uskedeling Harald Sætre til oss som eit apropos til boka "Dei fine ferjene" av Otto Ersland. Sætre har teke mange av bileta i boka.

Sætre held fram:

- Ein av desse fleksible ferjene var "Melderskin", bygd i 1963. Den vart blant anna nytta i Kvinnherdasruta (Os-ruta) når den faste båten var på "vårpuss" eller hadde andre oppgåver.

"Fleksiferjene" hadde ein liten lastevinsj på begge sider som kunne nyttast når gods skulle handterast. Før vegen til Mauranger vart opna, gjekk Kvinnheradruta kvar tysdag og torsdag heilt til Bergen for å henta varer.

Den andre "fleksiferja" var M/F "Rosendal" frå 1956. Den er framleis i drift i Tromsø, rett nok som charterbåt. Siste observasjon av "melderskin" er som restaurantbåt i Moss.



M/F Rosendal i rute mellom Tørvikbygd og Jondal på 1970-talet. (Foto: Harald Sætre)